



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/101188-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.07.2019

FV 244 ved eiendommen gnr. 18 bnr. 8 i MELAND kommune – Spørsmål om mellombels utvida næringsareal for Øvre Sagstad 4

Statens vegvesen har motteke søknad om mellombels dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg, for plassering av mobilt møterom/husvogn på eigedom gnr. 18 bnr. 8 i Meland kommune.

Om søknaden

I søknaden er det opplyst om at eksisterande bedrift treng auka møteromskapasitet, og husvogna skal avhjelpe behovet. Husvogna er tenkt mellombels i inntil to år, inntil dei får på plass nybygg. I søknaden vert det hevda at bygget ikkje vil bidra til auka trafikk, sidan det skal nyttast til eksisterande bedrifter. I vedlegg til søknaden er det vist bilde som syner at husvogna allereie er plassert slik søknaden viser.

Førebels vurdering

Statens vegvesen meiner generelt at auka areal til bedrifter gir rom for auka verksemd. Dette vil igjen gi meir trafikk til eigedomen. Om eksisterande bedrifter får nye møterom, vil tidlegare møteromsareal kunne omdisponerast til andre føremål.

Vi viser til vårt brev til BNK eigedom, datert 03.04.2018, om vurdering av planlagt næringsbygg for næringsområdet, der vi mellom anna skreiv:

«Etter vår vurdering vil det være uheldig å legge til rette for økt virksomhet på næringsområdet slik forholdene er på fv. 244 i dag, spesielt med tanke på myke trafikanter.»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi viser vidare til vårt brev til Meland kommune, datert 31.10.2018, der vi gav uttale til kommunens vurdering av avkøyrsløse. Der skreiv vi mellom anna:

«Statens vegvesen har i fleire høve vist til at det er dårleg tryggleik for mjuke trafikantar langs fv. 244 Sagstadvegen. Den mest kritiske strekninga er frå kryss med fv. 564 til Sagstad skule, ettersom det er flest gåande/syklande på dette strekket, men vi er òg bekymra for strekninga vestover frå Sagstad skule.»

I brevet konkluderte vi slik:

«Statens vegvesen meiner det er avgjerande at trafikktryggleiken vert ivaretatt både lokalt i krysset frå næringsområdet og i vegnettet som får auka trafikk. Etter vår vurdering er det ikkje vist ein slik løysing i denne saka, og vi meiner at det difor ikkje ligg til rette for å vidareutvikle dette næringsområdet no. Statens vegvesen vil difor rå i frå at kommunen gir løyve til ny avkjørsle i denne saka.»

På bakgrunn av overnemnde vurdering meiner Statens vegvesen at det vil vere uheldig å leggje til rette for mellombels utviding av næringsarealet. Dette vil gi auka trafikk på eit vegnett med dårleg tryggleik for mjuke trafikantar. I tillegg er kryss mellom kommunal veg og fylkesveg dårleg utforma, og ikkje tilrettelagt for auka bruk.

Ber om vurdering frå Meland kommune

Vi viser til kopi av brev frå Meland kommune, datert 02.11.2018, der kommunen gir avslag på søknad om avkøyrsløse frå eigedomen (gnr. 18 bnr. 92). Avslaget var i samsvar med Statens vegvesen si tilråding i saka, og var mellom anna grunngjeve med tilhøvet til transportnettet, deriblant trafikktryggleiken langs fv. 244. Avslaget vart stadfesta og ytterlegare grunngjeve i brev frå kommunen datert 23.04.2019, med kopi til Statens vegvesen.

Etter vår vurdering vil mellombels møtelokaler medføre auka trafikk til eigedomen. Tiltaket vil difor krevje løyve til mellombels utvida bruk av avkøyrsløse. Statens vegvesen ber om tilbakemelding frå Meland kommune på om avkøyrsløse kan påreknast for tiltaket. Etter vår vurdering er det ikkje grunnlag for å vurdere mellombels løyve annleis enn permanent løyve, ettersom ulempene for trafikktryggleiken vert like. Med bakgrunn i trafikktryggleiken, særleg for mjuke trafikantar, meiner vi det ikkje ligg til rette for auka verksemd på næringsområdet.

Vidare ber vi om kommunens vurdering av kva handsaming tiltaket treng etter plan- og bygningslova.

Oppsummering

Statens vegvesen er kritisk til både plassering innanfor byggjegrensa, og den auka aktiviteten tiltaket medfører. Vi avventer handsaming av byggjegrensesøknaden inntil tilbakemelding frå Meland kommune føreligg.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
BNK Eiendom AS, Øvre Sagstad 4, 5918 FREKHAUG